Årets siste låvedans

KONSERT: Laurdag 27. august vert det låvedans på Dønhaug med Vestlandsfanden, som også avslutta låvedanssesongen i fjor, noko som av uskedalen.no vart karakterisert som kanskje den beste låvedansen, både musikalsk og stemningsmessig, som har vore på Dønhauglåven.

– Dette er eit band som dei aller fleste kjenner godt til, då dei har turnert samanhengande sidan 1980. Då dei var på Dønhaug i 2010 var dette i samband med deira jubileumsturne som markerte 30 år på landevegen over heile Noreg. Bandet på 14 CD-skiver på samvitet, deira siste «Livets glade plommer» kom ut i 2010, heiter det i ei pressemelding.

Kalve i reality-tv

UNDERHALDNING: Christin Kalve (41) frå Stord er ein av 16 deltakarar på årets «Robinsonekspedisjonen» på TV3. Det første programmet blir sendt 4. september. Kalve har tidlegare delteke i TVNorge-programmet «Wipeout». Med deltakinga på «Robinsonekspedisjonen» har ho vore på Filippinane. Personleg gjenstand er ein rambokniv.

Andreas Siqueland (framme t.v.) og Anders Kjellesvik på veg ut til fitjarøyane saman med Silje Linge Haaland (bak t.v.) og Andrea Bakketun. FOTO: JUUSO NORONKOSKI

Holmekunst i fitjarskjergarden

I helga har kunstnarar fått boltra seg i fitjarøyane.

Sju kunstnarar tok turen ut til fitjarøyane i helga for å gjera seg kjende med skjergarden. Dette skal seinare resultera i utstillingar.

Får sin eigen holme

Med Smedholmen som hovudbase har kunstnarane farta ut med båt for å bli kjend med historia, geologien og faunaen. Duoen Silje Linge Haaland frå Fitjar og Andrea Bakketun frå Trondheim står bak prosjektet.

– Det er kjempegøy å visa fram fitjarøyane for kunstnarar frå heile verda. I helga har eg fått inntrykk av at alle er kjempegira på prosjektet. Det same gjeld alle medhjelparane våre. Me har møtt ei overveldande støtte frå fitjarbuen, fortel Haaland som sjølv er utøvande biletkunstnar.

Kvar av deltakarane har fått utdelt ein holme der dei skal jobba med og stilla ut det ferdige prosjektet innan ein periode på tre veker.

– Det vil også vera performanceprogram på Smedholmen, i tillegg til eit nomadisk galleri som syner kunst i Fitjar sentrum under utstillingshelga.

> **Det er kjempegøy å visa fram fitjarøyane for kunstnarar frå heile verda**
>
> Silje Linge Haaland

Lokal støtte

Prosjektet har fått namnet «Five thousand generations of birds». Arrangørane har fått med seg fleire lokale krefter.

– Me har med oss mange lokale ressurspersonar i tillegg til støtte frå kommunen med ordførar Harald Rydland i spissen. Hanne Sætre Thunestvedt skal frå hausten av fungera som tredje prosjektleiar, og Lene Tufteland går inn som leiar for ressursgruppa på Fitjar. Denne gruppa innheld engasjerte personar med ulik kompetanse, som vil stå for organiseringa lokalt, forklarar Haaland.

Kunstnarane som deltok i helga var Ann Cathrin November Høibo frå Kristiansand, Mercedes Muhleisen og Øyvind Aspen frå Oslo, Axel Linderholm frå Sverige, Miks Mitrevics frå Latvia og Aipotu som består av Anders Kjellesvik frå Stord og Andreas Siqueland frå Oslo.

Andreas Siqueland og Anders Kjellesvik på studietur til fitjarøyane, der dei skal vera med i eit større kunstprosjekt neste haust. FOTO: JUUSO NORONKOSKI

– Fleire kunstnarar kjem på synfaring i løpet av året, seier Haaland.

VIDAR HOPE
vidar@sunnhordland.no